



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref  
20/4064 - OKL

Vår ref  
20/1942-

Dato  
30. november 2020

## Høyring - framlegg til endringar i forvaltningslova m.m. - større høve til informasjonsdeling

Vi viser til brev av 2. september 2020 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet merkar seg at høyringsforslaget er ei justering av Forvaltningslovutvalgets tilrådingar, i lys av personvernforordninga. Det blir i tilknytning til dette foreslått at det ved deling av taushetsbelagte personopplysningar som er uforlikleg med formålet opplysningane opphavleg blei samla inn for, jf. forordninga artikkel 6 nr. 4, skal gjelde ei informasjonsplikt for mottakarorganet, jf. forslag til § 13 g. Vi vurderer det som formålstenleg at krava til behandling av "uforenlige personopplysningar" kjem fram i lovteksten.

Vi merkar oss vidare at Justisdepartementet vurderer at omsyna som tilseier ei mest mogeleg tenleg oppgåveløysing, ikkje alltid vil vere avgjerande og foreslår som vilkår at informasjonsdeling ikkje skal utgjere eit "uforholdsmessig inngrep", jf. forslag til § 13 b. andre og tredje ledd. Samferdselsdepartementet vurderer dei skisserte rammene om "forholdsmessighet" som formålstenlege og fornuftige.

Samferdselsdepartementet er kjent med høyringsfråsegna frå Statens vegvesen, som peiker på at forslag som endrar føresegner i særlovene, som óg opnar for deling på same vilkår som forvaltningslova § 13 b, synest som nødvendig og viktig. Utan desse endringane vil ikkje det nye delingshøvet ha nokon aktualitet mellom etatar dersom særlovgiving fastset at forvaltningslova § 13 b. ikkje skal gjelde. Statens vegvesen nemner eksempelvis samarbeid med Tolletaten, medrekna felles innsats mot transportkriminalitet både kva gjeld gods- og persontransport. Dersom det dreiar seg om taushetsbelagte opplysningar vil ikkje Tolletaten kunne dele med Statens vegvesen, då Statens vegvesen ikkje er omfatta av nokre av unnataka frå kravet til teieplikt i tollovan § 12-1. Statens vegvesen oppmodar derfor

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Avdeling for styring  
administrasjon og  
samfunnstryggleik

Saksbehandlar  
Kjersti Nikolaysen  
22 24 81 46

Justisdepartementet om å sjå nærmare på endringar i desse særlovene.  
Samferdselsdepartementet støttar denne tilnærminga.

Statens vegvesen viser i sitt høyringssvar vidare til at "Når det gjeld vegtrafikklova § 43 B blei denne føresegna ikkje nemnd i høyringa. Her meiner vi at det eventuelt bør vurderast om vi bør lovfeste ei tilvising til forvaltningslova § 13 fyrste ledd i vegtrafikklova § 43 B." Statens vegvesen siktar her til forvaltningslova § 13 b. (1) nr. 7. Etaten har overfor Samferdselsdepartementet presisert at dei ikkje vurderer at det manglar noko i § 43 b, men at det av ryddighetsomsyn kunne vore vurdert å ta inn ei tilvising til forvaltningslova § 13 b (1) nr. 7. Samferdselsdepartementet ser at vegtrafikklova § 43 b kan oppfattast som ei uttømmende regulering av delingshøvet for taushetsbelagte opplysningar. Vi ber Justisdepartementet om å vurdere om det er nødvendig å ta inn ei tilvising til forvaltningslova § 13 b fyrste ledd i vegtrafikklova § 43 b, f.eks. som ei tilføyning til andre ledd, nytt siste punktum slik: "For øvrig gjelder forvaltningslovens bestemmelser om deling av taushetsbelagt informasjon."

Når det gjeld forholdet til veglova, er det i § 11 fastsett at for valtningsavgjerder etter denne lova gjeld føresegnene i forvaltningslova. Behandling av personopplysningar er regulert i § 11 f, og denne føresegna gir supplerande rettsgrunnlag til vegstyresmaktene, Nye Veier AS og Vegtilsynet. Det er ikkje gitt føresegner om deling av informasjon i § 11 f, og vi legg til grunn at lovforslaget vil gjelde for deling av personopplysningar som blir behandla av desse styresmaktenene.

Aktørane innanfor bompenggeområdet er regulert i veglova § 27 femte og sjette ledd og utstederforskriften. Dette er bompengeselskap, utstederane og selskap som driftar sentralsystem, mv. Det er fastsette egne føresegner om desse aktørane si deling av personopplysningar i veglova § 27 og utsteder. Samferdselsdepartementet viser i den samanhengen til at forvaltningslova gjeld selskapa når dei utøver forvaltningsstyresmakt / fattar enkeltvedtak, jf. fvl. § 1, og at i den graden desse aktørane registrerer/behandlar personopplysningar som ein del av enkeltvedtak, vil forvaltningslova gjelde. Samferdselsdepartementet vil vurdere om behova for deling av informasjon mellom selskapa på bompenggeområda og offentlege styresmakter er uttømmende regulerte iht. veglova og utstederforskriften, eller om vi finn det nødvendig å kome tilbake til Justisdepartementet om det er behov for endringar som ein del av lovforslaget.

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Kjersti Nikolaysen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*